

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
117/22	Formannskapet	PS	05.12.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Christopher Marius Straumøy	Gbnr-160/22	22/916

Dispensasjon - gbnr. 160/22 -Klauvholmen/ Rebnor - Tilkomstveg - Fritidsbustad

Vedlegg:

AcosSvarInn.xml

Kulturminnefagleg fråsegn - dispensasjon frå kommuneplan - veg - gnr. 160 bnr. 22 - Austrheim kommune

AcosSvarInn.xml

Svar på uttale - dispensasjon frå kommuneplan - veg - gbnr 160/22 - Austrheim kommune

Uttale - gbnr 160/22 - Klauvholmen - tilkomstveg - dispensasjon

Oversendingsmail

Oversendingsmail

Søknad om dispensasjon til bygging av tilkomstveg - gbnr 160/22 - Klauvholmen på Rebnor

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og pbl. § 1-8 til omsøkt skogsveg.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering.

Formannskapet - 117/22 - 05.12.2022

FS - behandling:

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om saka, iht. saksutgreiinga.

Inger Lise Brekke (H) spurte om hogst av sitkagran, her svara Straumøy at eit av måla er å ta bort skog på eigedommen.

Inger Lise Brekke (H) spurte om vegtrase og sprenging, her svara Straumøy at det tenkt å leggja vegen langs ein eksisterande skogssti, med lite sprenging.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS vedtak:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og pbl. § 1-8 til omsøkt skogsveg.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Det er kome inn dispensasjonssøknad om anlegging av veg til ein hytte på Klauvholmen, gbnr 160/22. Søknaden krev dispensasjon frå kommuneplanen i område (LNFR) og pbl. § 1-8 då omsøkt veg ligg innanfor strandsona og det ikkje finnast ein anna byggegrense i KPA.



Omsøkt veg vil følgja eksisterande sti mot fritidsbustaden, vegen blir 2,5-3 meter bred avhengig av kurvatur.



Flyfoto 2020 viser barskogen med sitka og furutre på Klauvholmen



Omsøkt område ligg avsett til LNFR-areal i KPA, plan-id:2013001.

Søkar skriv følgande:

Søkjar ynskjer å byggja ein veg/grusveg (traktor liknande veg) lett i terrenget på sin fritidseigedom på om lag 175 meter. Sjå vedlagt omsøkt veg-trase på kart. Vegtraseen følgjer i grove trekk den gamle ferdselsåra til hytta. Inngrepet skal verta så lite som mogeleg i terrenget. Vegen vert om lag 2,5-3 meter brei. Dette arealet er i eit LNF-område i Austrheim kommune sin kommuneplan, den vart godkjent i 2019. Difor er dette ein dispensasjonssøknad frå byggjeforbodet i strandsona og frå kommuneplanen sin arealdel. Vegen kjem på det nærmaste om lag 20 meter frå sjøen, høgdeforskjellen er på om lag 10-13 meter i hovudtrekk over havet.

Grunngjevinga for dispensasjonsøknaden er:

Eg ynskjer å hogga skogen her og tilbakeføra landskapet slik det var for om lag 50 års sidan. Då var dette eit ope kystlandskap med lynghei på. Det er viktig å få vegen på plass for å kunne ta ut skogen her og for å kunna hoggja den.

Dette er eit arbeid som vil ta nokre år. Det kan verta eit alternativ at søkjar hyrar inn ein skogsentreprenør som kan gjera dette på kortare tid (hogstmaskin/ lastberar/ skogstilhengar). Det er om lag 10-12 dekar med barskog her som skal

fjernast. I kubikk er dette om lag 150-200 kubikk, det er mykje ved dette, om lag 80 famnar (mål) kløyvd ved. Denne skal eg sjølvsgt bruka ein del sjølv av, men eg vil også selja ved og selja og levera tømmeret/stokkane til aktuelle kjøparar.

Det er ingen ulemper for friluftslivet eller for landskapet eller strandsona at denne vegen vert bygd. Heller ikkje for det biologiske mangfaldet i området. Dersom ein ikkje fjerner sitkatre med meir vil alt verta dekket av sitkatre her i løpet av 1-2 generasjonar. Då vil alle plantane som høyrer kysten til forsvinna, og med dette dei fleste fuglane som hekkar i kystlandskapet vårt. Tilbakeføring av landskapet her er ein viktig grunn for søknaden min.

Å hjelpa det biologiske mangfaldet er ein viktig grunn til søknaden min.

Å kunna få ut tømmeret/veden er ein grunngjeving for søknaden min.

Eit anna viktig argument er at om det byrjar å brenna i utmarka/skogen i nord i strek vind så vil både hytta og folk som er her verta svært utsatt. Det er ingen flukt som er mogeleg her då, berre om me har ein båt ute kan me då flykta i tryggleik. Dette er faktisk ein påkjenning for oss i dag når vêret er tørt over ei lengre tid. Brannfaren er då svært stor. Me er ein familie på fem som brukar hytta i dag.

Det er mogeleg å leggja straumkabel i vegen på same tid, då slepp eg nyta stolper i terrenget som er mykje meir synleg i det ellers fine landskapet. Eg har ikke straum til fritidsbustaden i dag.

Til slutt vil eg seia at omsøkt veg er ikkje i vesentleg strid med arealføremålet i området som er LNF (Landbruk, natur og friluftsliv) Omsøkt tiltak vil fremja skogbruket her (landbruket), men og ta vare på naturen slik han var før sitkaplanta (vegen gjer at me kan ta vare på det biologiske mangfaldet her). I tillegg vil tiltaket fremja friluftslivet då området vert rydda opp, rotvelter vil fort koma framover i det harde klimaet her, det vil gjera området endå meir utilgjengeleg for ålmenta.

Det vil heller ikkje verta sett opp privatiserande skilt eller andre tiltak her som held ålmenta vekke, området vert meir tilgjengeleg. Strandsoneverdiar vert ikkje råka med dette tiltaket.

Det er fleire fordelar med tiltaket enn ulemper. Dispensasjon kan difor gjevast her fordi omsyna «bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser», ikkje vert vesentleg tilsidesatt. Fordelene ved å gi dispensasjon her er difor klart større enn ulempene.

Vegen skal ikkje verka privatiserande på nokon måte og skal vera open for ålmenta (gåande/syklende)

Saka ble sendt på høyring til relevante instansar. Statsforvalteren hadde følgjande uttale i saka:

Uttale - Austrheim - 160/22 Klauvholmen - tilkomstveg - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 09.09.2022. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen og frå byggeforbodet i strandsona, for bygging av ein 175 meter lang veg til ein fritidsbustad. Søknaden er grunngjeve med fluktveg ved skogbrann og at ein ønsker å ta ut skog, for å få tilbake landskap med lynghei som var på Klauvholmen for om lag 50 år sidan.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

LNF-områder skal i utgangspunktet vere ubyggd, med unntak av naudsynte tiltak for landbruket. Det skal takast omsyn til landbruk, natur og friluftsliv. I 100-metersbeltet langs sjø skal det alltid takast særleg

omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. pbl. § 1.8 fyste ledd. Strandsona skal generelt haldast open og privatisering og nedbygging skal unngåast. Forbodet i § 1-8 andre ledd skal vege tungt. Eventuelle avvik frå dette forbodet skal som hovudregel skje gjennom ordinær planlegging, ikkje som dispensasjon, jf. Ot.prp.nr 32 (2007-08).

I denne saka er det naudsynt med dispensasjon frå både LNF-formålet og frå byggeforbodet i strandsona jf. pbl. § 1-8. Det står i søknaden at vegen skal liggje lett i terrenget og inngrepet skal vere så lite som mogleg. Det er ikkje opplyst kva inngrep som er naudsynt, for å anleggje vegen. Det er ikkje lagt ved teikningar som viser fyllingar og skjeringar. Vi vurderer at saka ikkje er godt nok opplyst når det gjeld inngrep. Verknad av tiltaket på landskapet er ikkje klart.

Ein 175 meter lang veg, med 2,5 til 3 meters bredde er i utgangspunktet eit stort tiltak, for å få køyreveg til ein fritidsbustad. Vi vurderer dette som dårleg arealdisponering. Det er ikkje naudsynt med køyretilkomst til alle fritidsbustader, og ofte er inngrep av veg til fritidsbustaden større enn for sjølve fritidsbustaden.

Sjølv om ein ikkje har tenkt å setje opp privatiserande skilt ved vegen, er det likevel slik at ein veg til ein privat fritidsbustad vil oppfattast som meir privatiserande enn ein sti. Vi meiner slik sett at tiltaket vil auke privatiseringa i strandsona, og vil føre til at området vert meir bygd.

Tiltakshavar skriv at han ønsker å nytte vegen for å kunne ta ut trær, mellom anna sitkagran, og at tiltaket vil vere bra for naturmangfaldet. Vi oppfattar tiltaket til primært å vere ein veg til fritidsbustaden, og ikkje ein veg for å ta ut tømmer.

Vi ber om få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Vesland Fylkeskommune kom med følgande uttale i saka om veg og infrastruktur:

Uttale

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, uttalar seg som eigar og forvaltar av fv. 568.

Vi vil vise til at det er krav om eige avkøyrsløyve ved opparbeiding av veg, samt parkeringsplass til hytta. Vi viser til at føresegn §1.6.8 i kommuneplanens arealdel seier at fritidsbustadar skal ha 1 parkeringsplass til bil. Dette tiltaket utløyser krav om avkøyrsløyve. Søknad om avkøyrsløyve til fylkesveg vert handsama av fylkeskommunen. Søknadsskjema finn du her:

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/avkoyrselsloyve/>

Fv. 568 har haldingsklasse «mindre streng» jf. rammeplan 2021-2024 for avkøyrsløyve og byggegrenser. ÅDT på staden er 200 og fartsgrensa er 80 km/t. Det vil si at talet på direkte avkøyrsløyve til vegane skal vere avgrensa. Nye bustadavkøyrsløyve bør avgrensast. Val av plassering av avkøyrsløyve må vurderast med tanke på den framtidige samfunnsutviklinga. Eventuell godkjenning er avhengig av at dei tekniske krava skal vert tilfredsstillt.

Vi kan vera opne for å gi avkøyrsløyve til 1 fritidsbustad. Derimot ser vi at det kan vera utfordringar med å oppnå tilstrekkeleg sikt på staden. Slik det ser ut for oss kan det vera behov for større terrengmessige inngrep for å oppnå siktkrava. Siktkrava på staden er følgjande: 105 meter sikt i kvar retning frå 6 meter inn i avkøyrsløyva, samt ein svingradius på 4 meter. Det vil følgje andre krav om tunge køyretøy skal bruke avkøyrsløyva. Det er også krav til lengdeprofil. Vi vurderer dette som en strekning som kan ha mogleg høy fart grunna den lange flate strekningen og høg fartsgrense.

Vi minner også om at det må opparbeidast eiga snu- og manøvreringsareal på eigedomen slik at det ikkje blir manøvrering på fylkesvegen. Vi presiserer at vi ikkje har vert på staden, og kan ikkje ta stilling til avkøyrsløyvespørsmålet før vi får en eventuell avkøyrsløyvesøknad.

Vi ser at det er opparbeidd ein parkeringsplass på staden, men vi kan ikkje finne tilhøyrande avkøyrsløyve. Ved avkøyrsløyvesøknad ber vi om at søkjar legger ved eventuell avkøyrsløyve til eigedomen.

stadsresse	Telefon	E-post	Heimeside	EHF-Fakturaadr.	Organisasjonsnr.
stboks 7900 20 Bergen	05557	post@vlfk.no	www.vestlandfylke.no	821311632	821 311 632

Konklusjon

Vi kan vere positive til ny avkøyrsløyve på staden, men det føresetja at krava til avkøyrsløyve er tatt hand om. Vi vil ta stilling til avkøyrsløyvespørsmålet når vi mottek søknad om dette.

Vestland Fylkeskommune kom også med ein kulturminne fagleg fråsegn til saka etter å ha vore på synfaring på staden:

Kulturminnefagleg fråsegn - dispensasjon frå kommuneplan - veg - gnr. 160 bnr. 22 - Austrheim kommune

Viser til brev dagsett 02.09.2022 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, og til vårt brev av 28.09.2022. med varsel om synfaring.

Arkeologar frå Vestland fylkeskommune gjennomførte synfaring i det gjeldande arealet 11.10.2022. Det vart ikkje påvist synlege automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg nasjonal eller regional verdi under synfaringa. Det er ikkje trong for ytterlegare arkeologiske registreringar.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka i samband med kulturminne.

Vurdering:

Naturmangfaldlova, HMS og Jordvern:

Kommunen har vurdert saka etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet. Den samla belastninga for økosystemet vert vurdert lokalt på staden for omsøkte tiltak og sett i ein større samanheng.

Kommunedirektøren vil og peika på at omsøkte stad ikkje er i område med særskilte natur- eller viltverdiar. Det er heller ingen kulturminneinteresser, friluftslivintereser eller miljøverdiar på omsøkte stad som vil bli rammet av tiltaket. Vidare er det ikkje vurdert at det føreligge noko tryggleiksrisiko for omsøkte tiltak.

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no. Kommunedirektøren meiner at vern av naturmangfaldet og miljø vert ivaretekne om det vert gjeve dispensasjon som omsøkt.

Kommunedirektøren finn ikkje at dei omsøkte tiltaka vil koma i konflikt med naturmangfaldslova. Kommunedirektøren meiner difor at ein etter naturmangfaldlova kan gjeve dispensasjon her til omsøkte tiltak.

Vurdering etter plan- og bygningslova:

Vurderinga om dispensasjon skal gjevast etter pbl. § 19-2 må vurderast mot både pbl. § 1-8 om

strandsona og etter pbl. § 11-6 om rettsverknaden av kommuneplanen sin arealdel.

Etter pbl. § 1-8 første til tredje ledd følger det:

«I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Andre tiltak etter § 1-6 første ledd enn fasadeendringer kan ikke settes i verk nærmere sjøen enn 100 meter fra strandlinjen målt i horisontalplanet ved alminnelig høyvann. Dette er likevel ikke til hinder for fradeling ved innløsning av bebyggelse etter tomtefestelova.

Forbudet etter andre ledd gjelder så langt ikke annen byggegrense er fastsatt i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan, jf. §§ 11-9 nr. 5 og 12-7 nr. 2»

Bestemmelsen i § 1-8 uttrykker eit generelt forbod mot fradeling, oppføring og endring av tiltak i 100 –metersbeltet langs sjøen, med unntak av fasadeendringar. Byggjeforbodet skal sikra ålmenta tilgang til strandsona sine kvalitetar som friluftsliv- natur- og kulturområde. Strandsona er underlagt eit særleg vern, og det er difor ein høg terskel for å dispensera frå §1-8. Kommunen har eit særleg fokus på å hindre at strandsona vert privatisert.

Det søkaste om å opparbeida ein skogsveg som skal brukast dels til å fjerne sitkaskogen og dels til tilkomst til hytta. Det er ikkje uvanleg at sogsvegar har fleire anvendelsområder. Til dømes nemner kommunedirektøren at landbruksvegar skal ha overveidande bruksnytte til landbruksinteresser for å kunne byggast som landbruksvegar. Å få fjerna sitkaskogen som har utvikla seg på staden dei siste 60 åra ser kommunedirektøren som utruleg positivt for staden. Det er ein uønska art i kommunen. Omsøkt tiltak er difor ikkje sett på som eit utelukkande privatiserande tiltak. Kommunedirektøren meiner difor at omsøkt tiltak på omsøkt stad *ikkje* vil medføre særleg privatisering av strandsona i området.

Samstundes vil omsøkt tiltak utbetra tilgang til strandsona og dermed kunne ivareta dei allmenne interesser i strandsona gjennom å gjera den meir funksjonell. Det er ønskeleg for kommunen at strandsona her også skal kunne nyttast av ålmenta. Kommunedirektøren peikar på at ein omsøkt skogsveg på staden ikkje vil oppfatast som særleg privatiserande for ålmenta, før ein gjerne er like ved fritidsbustaden. Det er imidlertid langt fram til hytta.

Kommunen har vore på synfaring. Kommunedirektøren ser at omsøkt tiltak er eit inngrep på staden sett i lys av dagens situasjon, men samstundes vil det mogeleggjere at ein – realistisk sett- kan få fjerna sitkaskogen. Videre er det tale om ein grussti. Her vil kommunedirektøren tilsutte seg vurderingane som er gjort av søkar. Tiltaket er heller ikkje til ulempe for friluftsliv, ålmenta, fiskeri eller for biologisk mangfaldet i området.

Kommunedirektøren meiner at omsøkt tiltak ikkje vil redusera samfunnstryggleiken eller vera ein farleg plassering i forhold til vind, ver, flaum eller anna forhold. Det er positivt at ein kan få fjerna

stikaskogen som kan utgjera fare for skogsbrann.

Plan- og bygningslova (PBL) § 11-6 omhandlar rettsverknaden av kommuneplanen sin arealdel:

”Kommuneplanens arealdel fastsetter framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyrets vedtak bindende for nye tiltak eller utvidelse av eksisterende tiltak som nevnt i § 1-6..

Tiltak etter § 1-6 må ikke være i strid med planens arealformål og generelle bestemmelser, samt bestemmelser knytt til arealformål og hensynssoner.”

Utgangspunktet er at ein skal halde seg til vedtatt kommuneplan. Det søkte område går i kommuneplanen over avsatt sone til LNRF areal (for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gårdens ressursgrunnlag).

Det omsøkte tiltak vil etablere ny infrastruktur med atkomstveg til område. Ålmentas ferdsel i strandsona vil ikkje bli negativt påverka av det omsølte tiltak. Kommunedirektøren kan heller ikkje sjå at omsøkt tiltak vil medføre at auka ferdsel vil kunne føra til konflikt i strid med LNFR-føremålet. Til dette er tilkomstvegen som er planlagt altfor beskjeden i omfang når det gjeld trafikk. Dette underbyggst mellom anna vidare av at det ikkje er komme inn nabomerknader. Tilkomsten er slik kommunedirektøren vurderar det ikkje noko som kan skapa konflikt med landbruksverksemd på området.

Det føreligg statlege retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. I kapittel 3 går det fram at:

«Byggeforbudet i pbl. § 1-8 gjelder de tiltak som fremgår av pbl. § 1-6, med unntak av fasadeendringer. Dette innebærer at det i 100-metersbeltet langs sjøen ikke er tillatt å iverksette oppføring, riving, endring, endret bruk og andre tiltak knyttet til bygninger, konstruksjoner og anlegg, terrenginngrep eller opprettelse og endring av eiendom. Byggeforbudet gjelder også annen virksomhet og endring av arealbruk som vil være i strid med arealformål, planbestemmelser og hensynssoner.

Byggeforbudet i 100-metersbeltet langs sjøen gjelder også for eldre planer uten fastsatt byggegrense. Dersom kommunen har åpnet for utbygging og fastsatt byggegrense i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan, gjelder ikke lovens byggeforbud.

I kommuneplanens arealdel kan kommunen gi bestemmelser som tillater visse tiltak i 100-metersbeltet, jf. pbl. § 11-11 nr. 4. Dette gjelder nødvendige bygninger, mindre anlegg og opplag i 100-metersbeltet langs sjøen med sikte på landbruk, reindrift, fiske, fangst, akvakultur og ferdsel til

sjøs, jf. pbl. § 11-7 nr. 5 og 6.»

Vidare har dei statlege retningslinjene lagt opp til ein differensiering av strandsona gjennom planlegging. I kapittel 4 lyd det følgjande:

«Soneinndelingen tar ikke fullt ut hensyn til lokale forskjeller i utbyggingspress og verneverdier innad i den enkelte kommune. Retningslinjene legger derfor opp til at ytterligere differensiering kan gjøres i kommuneplanens arealdel.

I områder med lite utbyggingspress og mye tilgjengelig strandsona, kan det i større grad godkjennes nye tiltak enn i områder som har lite tilgjengelig strandsonareal og stort utbyggingspress. Tiltak i 100-metersbeltet må alltid vurderes mot hensynet til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.»

I det vidare er det i kapittel 10 i dei statlege retningslinjene opplista område med mindre press (Sone 3) på arealene. Her er Austrheim kommune opplista som ein av desse kommunene.

Austrheim kommune har gjennom kommuneplanen som gjeld frå 2019-2029 vurdert korleis, og i kva områder ein kan utvikle gjennom byggeprosesser. Det vert imidlertid umogeleg for kommunen å planlegge finmaska detaljer i kommuneplanprosessen for heile den utbygde strandsona. Årsaka er at Austrheim kommune har svært lang strandsona.

Kommunen kan med heimel i pbl. § 19-2(1) ”gi varig eller midlertidig dispensasjon frå bestemmelsar fastsett i eller i medhald av denne lov.”

Det følger imidlertid av andre ledd at dispensasjon ikkje kan gis dersom omsyna bak bestemmelsane det dispenserens frå, eller omsyna i lovens føremålsbestemmelse, eller nasjonale eller regionale interesser blir ”vesentlig tilsidesatt.” I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon være ”klart større enn ulempene.”

Spørsmålet er om dei omsyn bak område i kommuneplanen, omsyna i lovens føremål eller nasjonale eller regionale interesser blir «vesentlig tilsidesatt» ved å gi dispensasjon til omsøkt tiltak.

Ordlyden peiker på at det ikkje er nok at omsyna blir tilsidesett, men dei må vere merksamte tilsidesett jf. omgrepet «vesentleg».

Det er ønskjeleg at strandsona skal nyttast av flest mogeleg og at strandsona ikkje skal byggjast ut bit

for bit. Sett i samanheng med at omsøkte område vil bli klart meir tilgjengeleg med ein skogsveg vil ikkje omsøkte tiltak føra til særleg meir privatisering, men derimot gjere det meir tilgjengeleg for publikum og publikums bruk av strandsona. Som søkar peikar på er det viktig å fjerna stikaskogen for å teke vare på det biologiske mangfaldet på staden. Biologisk mangfald og bevaring av dette er noko som kommunen i stor grad prøvar å halde ved like.

Omsøkt tiltak vil berre medføre endring av marginal karakter, og vil ikkje tilsidesette omsyna bak byggjegransa eller LNFR i «vesentlig» grad og kommunedirektøren kan i stor grad tilslutta seg søkars vurdering på dette område.

Slik kommunen ser det vert dermed dei omsyn bak område i kommuneplanen og omsyna i lovens formål ikkje «vesentlig tilsidesatt» ved å gi dispensasjon til omøskt tiltak.

Det neste spørsmålet er om fordelane ved å gi dispensasjon vil vera *“klart større enn ulempene.”*

Ordlyden peikar på at det føreligg ein høg terskel for dispensasjon ettersom fordelane må vere «klart større» og det må føretakast ein samla vurdering av alle omsyn.

Det er ikkje tilstrekkeleg for dispensasjon at ulempene ved dispensasjon er beskjeden. Vurderinga må vise at det føreligg relevante, klare og positive fordelar samanhaldt med ulempene. Lovens vilkår om kvalifisert interesseovervekt krev at dei relevante fordelane må ha stor vekt dersom vilkåret skal vere oppfylt.

Kommunedirektøren kan ikkje sjå at omsøkt dispensasjon vil nokon klare ulemper for arealføremålet eller byggeforbudet i strandesona. Som tidlegare nemnt er omsøkte område i eit allereie etablert LNFR- område og det er ikkje eit urørt område. Ulempene ved tiltaket er minimale i eit allereie berørt område og arealmessig må det opplevast som beskjeden endring samanliknat med dagens lovlege tilstand.

Vidare er fordelane med å gi dispensasjon her at ein faktisk vil kunne få fjerna ein sitkaskog som opplevast som – generelt - eit stort problem for kommunen. Det er viktig for Austrheim kommune at Sitka ikkje teke fullstendig over og presser ut det biologiske mangfaldet. Videre ønskjer kommunen aktivitet i område i strandsona og då vert det naudsam å gjere det så tilgjengeleg som mogeleg. Den omsøkte tiltak vil etter kommunen sitt syn fremja dette omsynet gjennom vegen. Kommunedirektøren finn det føremålsteneleg å gi dispensasjon ved å slutta seg til dei klare fordelane som allereie er nemnt over og dei som er trukket fram av søkar.

Kommunedirektøren meiner at det bør gjevast ettersom fordelane ved å gi dispensasjon her er *“klart*

større enn ulempene.”

Slik kommunedirektøren ser det vil eit dispensasjonsvedtak i denne saka heller ikkje skape ein presedensverknad for liknande tiltak i strid med KPA i område.

Kommunedirektøren rår til at det vert gjeve dispensasjon som omsøkt.

Konklusjon

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og pbl. § 1-8 til omsøkt skogsveg.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering